

## Aktivitetsplan 2011 og 2012

Dato	Namn	Ansvarleg
29. april	Tenkelurtkveld Gravdal	Styret
17. mai.	Nasjonaldagen:	Styret
11. juni.	Måløy-speling:	Styret
19. - 21.	Turhelg/Øvingshelg:	Erling, Gun-Tove, Laila M, Terje.
18. sep.	Søndagskafé i Gravdal	Tove, Arne Ø, Asbjørn, Alice, Stine.
2. okt.	Basar	Eli, Tor Åge, Marte, Lasse, Jonathan, John, Petter, Johanne, Alice, Anne Mari, Reidunn.
29. okt.	NV meisterskap	Erling, Gun Tove, Asbjørn, Tor Åge, Siv, Laila M, Ingunn, Eli, Anne Mari, Terje, Lisbeth, Roar Ståle, Reidunn.
? des.	Julespeling i gata	
18. des.	Julekonsert	
28. des.	Juletefest	Asbjørn, Gun Tove, Lasse, Jonathan, John, Anne Mari, Alice, Sondre, Petter, Harald, Mette.
2012:		
7. jan. -12	Nyttårskonsert-årsfest	Ola, Asbjørn, Lasse, Jonathan, Terje, Tove, Tor Åge, Ingunn, Arne Ø.
20. - 22. jan	NM i brass øvingshelg	
03. - 05. feb	NM i brass øvingshelg	
09. - 12. feb	NM i brass	
26. mars	Årsmøte	
25. mai	Måløyspeling	
2013:		
07. - 09. jun	Stormfestival	Erling, Tove, Asbjørn, Lisbeth, Johan.

**BÅTBYGG**   **Kvalheim Kraft**  **Nordea**

	5		2	3	9	7	1	8	S u d o k u		3	8	4	9	1				
2				5	4	6	9	3		9	5	2	7	8		3	4		
		7	1		6	5				4	1	6		5	2	9			
		7		8	9	2		6		4					3	5		6	4
1		4	3	7	5	8		9		6	4	3	8	1	7	2	9	5	
9	2		6	4	1		5			8	2		9	6					
		2	4		8	9						4	1	2		5	7	8	
8	1	9	5	2				6			9	1		7	8	4	3	6	
7	4	5	9	6	3		8						6	4	3	1	2		

# God påske Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 4

18. årgang

Laussal: Gratis

April 2011

## Skal arrangere meisterskap



**Laurdag 29. oktober 2011 skal Torskangerpoll Musikklag vere teknisk arrangør av Nordvestmeisterskapen for vaksenkorps. Meisterskapen skal vere i Samfunnshallen.**

Korps frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal kan melde seg på i ulike divisjonar.

Påmeldingsfristen er til hausten, så det er endå ikkje klart kor mange korps som blir med.

Komite for meisterskapen er Erling, Gun Tove, Asbjørn, Tor Åge, Siv, Laila M, Ingunn, Eli, Anne Mari, Terje, Lisbeth, Roar Ståle, Reidunn. Detaljane rundt meisterskapen er heller ikkje kalrt endå.

Det blir sendt ut invitasjon like over påske. Meisterskapen er grunnen til at Stormfestivalen blir utsett med eit år til våren 2013.

# www.torskangerpoll.no

## Her er dei tillitsvalde:

Det var årsmøte i Torskangerpoll Musikklag 24 mars. Der vart det behandla vanlege årsmøtesaker.

Her er dei som styrer:

Leiar: Johan Einar Wåge

Nestleiar: Tove Nerland

Kasserer: Eli Refvik

Sekretær: John Inge Våge

Styremedl: Tor Åge Gravdal

1. Vara: Laila Mykland

2. Vara: Laila K. Bergh

Noteutval: Ola Refset (leiar)

Terje Våge

Petter Lund Wåge

Revisorar: John Svarstad

Helge Oppedal

Gravdalstyre: Asbjørn Våge (leiar)

Tor Åge Gravdal

Harald Oppedal

Uniform: Reidunn Øksdal

Instrument: Terje Våge

Notearkiv : Ola Refseth

Bordforvalt.: Asbjørn Våge

Valnemnd: Erling Wåge (leiar)

Sondre Nerland

Stine Kråkenes

Dirigent: Lisbeth Helen Wåge

Her er styret:



## Vann Nonstopp-prisen

Jonathan Nyborg og Eli Refvik vart vinnarane av den høgthengande Nonstopp-prisen. Det betyr at det var desse som hadde flest oppmøte på øvingane siste året.

Dei to seier at øving er viktig og Nonstopp er godt.

## Hva er påsken

Påsken er sammen med julen den mest sentrale av de kristne høytidene, og feires til minne om Jesu Kristi lidelse, død og oppstandelse. Forut for påsken markeres fastetiden og den stille uke, og etter påskesøndag kommer påsketiden, som varer fram til pinse. Ordet påske er en forvanskning av navnet på den jødiske høytiden pesach. Jødene har feiret påske lengre enn kristne. De feiret utvandringen fra fangenskapet i Egypt.

Kirkemøtet i Nikea i 325 bestemte at påskedag skulle være første søndag etter første fullmåne etter vårjevndøgn, noe den norske kirke også forholder seg til fortsatt, og datoen varierer dermed innenfor perioden 22. mars (1818 og 2285) til 25. april (1943 og 2038). Påskedag faller på 24. april i 2011, og på 8. april i 2012.



Nokre av dei som deltok på møtet: Frå venstre: Odd Gunnar Myhre (Vågsøy kommune), Harald Oppedal og Asbjørn Våge (Torskangerpoll Musikklag), Magni Hjertenes Flyum (VAKN-prosjektet), Synnøve Aabrekk (Reisemål Stryn og Nordfjord), Sølvi Hopland (Ulvesund Fyr), Per Trskangerpoll (Våge Oppedal Bygdela), Bettina Vick Bickhard (Kråkenes fyr), Ronny Totland (Nordfjordhallen), John Hamnaberg og Stig Solheim (Vågsvåg Marina), Kjell Einar Skrede (VAKN-prosjektet) og Kent Arild Apneseth.

## Kultur skapar næring

Av: Asbjørn Våge

Det skjer mykje på kultur- og nærings sida i Vågsøy Kommune for tida.

På bakgrunn av dette vart det halde eit møte om kulturbasert næring i Gravdal onsdag 6. april. Måløy Vekst, Vågsøy Kommune og Torskangerpoll Musikklag var arrangørar for møtet.

7 år gamle Verena Bochoun Wåge spelte kornett og viste at det spirar i kulturlivet. Harald Oppedal innleia med ei orientering om det arbeidet som er gjort med oppussinga av Gravdal, og etableringa av dei historiske samlingsane som er i huset. Han sa også litt om historia til skulen i Gravdal.

Magni Hjertenes Flyum og Kjell Einar Skrede som er tilsette i VAKN prosjektet (Vårt Akademi for Kultur og Næring), orienterte om kva prosjektet går ut på, og kva dei vil drive med i framtida. Dette er eit nytt forum som ser svært spennande ut, og som ganske sikkert vil være ein hjelpar for mange nye etableringar innafør kulturbasert næring i framtida.

Nyttilsett koordinator i Måløy Handelsforening Roy Aron Myklebust, fortalde om si oppgave med å legge til rette arrangement og aktivitetar som i første rekke vil skape meir handel i Måløy, men også vil ha ringverknader i bygdene omkring.

Reisemål Stryn og Nordfjord var representerte ved Synnøve Aabrekk. Ho gjorde greie for kva dei driv med, og kva dei kan gjere for eksisterande bedrifter som driv med turisme og aktivitetar knytta til dette.

Leiar i Torskangerpoll Musikklag Johan Einar Wåge fortalde om korpset sine aktivitetar, Stormfestivalen, Drømkonserten og avslutta med å vise ein liten filmsnutt som var laga til ein presentasjon i samband med NM i Brass 2011. Leiar i Våge Oppedal Bygdela, Per Torskangerpoll, fortalde om kva bygdelaget driv med og kva saker dei er opptekne av. Han fortalde også om arbeidet med å pusse opp grendahuset. Det er også her gjort ein stor dugnadsinnsats.

Jon Hamnaberg kva dei har fått til i Vågsvåg Marina, og planene dei.

Alt i alt var dette eit svært matnyttig møte der bodskapen i hovudsak var at det er viktig at vi fokuserer på bulyst og næringsutvikling. Kulturbasert næring gjev innovasjon, nye arbeidsplassar og auka kulturelt innhald lokalt. Vi har mykje kultur i Vågsøy og nabokommunane rundt oss og ein del av dette kan kommersialiseras. Å styrke verdiskapinga og lønnsame bedriftsetableringar innanfor kultur- og kulturbaserte næringer, er det same som å styrke attraktivitet og bulyst, særleg hos unge.